



# Vang kommune

ArkivSakID: 22/351  
JournalpostID: 22/4102  
ArkivID: K2-L79  
Saksbehandlar: Magnus Lajord

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
027/22	Kommunestyret	19.05.2022

### Kommunale bustadtomter Tyinkrysset

#### Vedlegg:

11.05.2022 Ny kommunedelplan Tyinkrysset - avklaring bustadtilhøva i planområdet (L)(279503) 190634

#### Saksopplysningar

I kommunestyret 14.02.2019 i sak 003/19 var arealføremålet til dei kommunale bustadtomtene på Tyinkrysset oppe til vurdering i samband med kommunedelplan Tyinkrysset. Ved sluttbehandling av planen vart eksisterande bustader og bustadtomter regulert til kombinert arealføremål bustad/fritidsbustad, medan det for eksisterande bustader og bustadtomter i *sentrum* av Tyinkrysset vart regulert til arealføremål bustad/fritidsbustad/sentrumsføremål.

I vedtaket i sak 003/19 vart det presisert at kommunen ikkje vil tildele eller selje fleire kommunale tomter på Tyinkrysset inntil ny kommunedelplan vart endeleg vedtate. No når planen er vedtate er spørsmålet korleis kommunen skal forvalte dei fire tomtene ved Høgeseth og dei to i Tyinkrysset sentrum.

Grindaheim Røde Kors (GRKH) har stor (og aukande) oppdragsmengd i området og utgjør ein viktig del av den samla beredskapen i Vang kommune. Hjelpkorpsset ynskjer tomt/areal der dei kan etablere ein garasje til lager av naudsynt utstyr og eit rom til personopphald for vakt i høgtidene. Dei har vore i kontakt med fleire grunneigarar om få avtale på areal, men ingen har så langt vore interessert i å avstå areal til føremålet. Dei er difor særst interessert i ein av dei kommunale tomtene.


#### To tomter på Tyinkrysset

Vang kommune eig desse to tomtene på Tyinkrysset med gnr/bnr 7/162 og 7/163 (sjå kartutsnitt nedanfor). GRKH har meldt si interesse for tomta lengst vest.



### Fire tomter på Tyinkrysset - Høgeseth

Vang kommune kjøpte arealet på Høgeseth i 1998 i samband med regulering av området til bustadfelt. I feltet er det sett opp eit bustadhus på gnr/bnr 2/192 i 2002, medan gnr/bnr 2/173 vart overført vederlagsfritt frå kommunen til Helge Opdal i 2016. Dette var i samsvar med avtale datert 23.07.1998, då Helge bidrog med noko areal til planområdet. Kommunen har altså att fire tomter i feltet.



### Vurdering

Med vedteke kommunedelplan ligg alt til rette for ei utvikling av området. Spørsmålet er korleis kommunen vidare skal forvalte dei seks attverande tomtene innanfor planområdet. Etterspurnaden og behovet for reine bustadtomter er førebels avgrensa, men dette kan sjølvstendig endre seg dersom ein med tida får fleire arbeidsplassar i området.

Når tomtene no er regulert til kombinert arealføremål og at ein enkelt kan få bruksendring frå bustad til fritidsbustad, kan ein tenkje seg at tomtene kan bli spekulasjonsobjekter. Kommunen kan t.d. selje ei tomt til prisen av ei bustadtomt, der kjøper i neste runde søker bruksendring og sel til prisen av ei fritidstomt. Eit alternativ er at kommunen søker bruksendring til fritidsbustad for alle tomtene og sel dei på den opne marknaden.

GRKH har ein stor del av oppdragsmengda på Filefjell og innover mot Eidsbugarden. Med ein garasje sentralt i området vil dei kunne redusere responstida og auke beredskapen betrakteleg. For dei aktive medlemmane som bur og/eller jobbar i Øye eller på Filefjell vil det m.a. medføre at ein slepp å køyre ned til garasjen i Lundsmarka for å hente utstyr før ein kan rykke ut. At ein snøscooter og ATV står klar «på gulvet» i ein slik garasje, og at ein slepp bruke tid på lasting/lossing, vil og betre responstida.

GRKH har meldt si interesse for den eine tomta i sentrum, men kommunedirektøren vil tilrå at desse to tomtene framleis blir verande i kommunen sin eige. Dette fordi ein på noverande tidspunkt ikkje veit kva behov for areal ein vil ha i framtida. Kommunedirektøren vil difor tilrå at GRKH heller får disponere eller vederlagsfritt overdrage ei av dei kommunale tomtene på Høgeseth, då det er nærliggjande at det vil skje ei endring/utvikling av sentrumsområdet før det blir ei vidare utvikling kring Høgeseth.

Kommunedirektøren har vore i dialog med GRKH om ei av tomtene på Høgeseth kan vera aktuelle, noko dei har gjeve positiv attendemelding på. Eit viktig moment for hjelpekorpsset er at det er enkel tilgang til løypenettet.

Kommunedirektøren meiner det vil vera eit positivt tiltak og ei god auke i beredskapen dersom GRKH får etablere ein garasje for utstyr og med opphaldsrom på ei av dei kommunale tomtene på Høgeseth. Tomta kan overdragast til hjelpekorpsset på fleire måtar:

- Vederlagsfri overdraging til hjelpekorpsset, men at kommunen får fortrinnsrett på få overdrage den tilbake dersom behovet til hjelpekorpsset skulle opphøre
- Hjelpekorpsset kan få festeavtale med festepreis til kr. 0,-
- Hjelpekorpsset kan få disponere tomta kostandsfritt etter nærare avtale

Kva som er mest aktuell avtaleform må vurderast nærare i samarbeid med hjelpekorpsset. Dei øvrige tomtene på Høgeseth meiner kommunedirektøren framleis bør vera i kommunen si eige for å sikre eit handlingsrom på desse for ukjende framtidige behov.

### **Framlegg til vedtak**

Vang kommunestyre vedtek fylgjande:

- Dei to kommunale bustadtomtene i Tyinkrysset sentrum og dei tre kommunale bustadtomtene på Høgeseth skal inntil vidare vera i kommunen sin eige og skal difor ikkje seljast eller tildelast
- På det tidspunkt det blir aktuelt med sal eller anna bruk av desse tomtene, skal dette fremmast som eige sak for kommunestyret
- Kommunedirektøren får fullmakt frå kommunestyret til å inngå avtale med Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps om å lokalisere den mest eigna tomta på Høgeseth og inngå avtale om overdraging eller disponering. Eventuell tilkoblingsavgift til vatn/avløp blir behandla på vanleg måte som delegert sak ihht. det ein kvar tid gjeldande gebyrregulativ

Kommunestyret 19.05.2022:

**Behandling:**

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

Representant Leif Solemsli (BIV) stilte spørsmål om sin habilitet: Han vart erklært habil og deltok i behandling av saka. Samrøystes vedteke.

**KS- 027/22 Vedtak:**

Vang kommunestyre vedtek følgjande:

- Dei to kommunale bustadtomtene i Tyinkryset sentrum og dei tre kommunale bustadtomtene på Høgeseth skal inntil vidare vera i kommunen sin eige og skal difor ikkje seljast eller tildelast
- På det tidspunkt det blir aktuelt med sal eller anna bruk av desse tomtene, skal dette fremmast som eige sak for kommunestyret
- Kommunedirektøren får fullmakt frå kommunestyret til å inngå avtale med Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps om å lokalisere den mest eigna tomte på Høgeseth og inngå avtale om overdraging eller disponering. Eventuell tilkoblingsavgift til vatn/avløp blir behandla på vanleg måte som delegert sak ihht. det ein kvar tid gjeldande gebyrregulativ